



DET KONGELEGE  
FORSVARSDPARTEMENT

# Prop. 94 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

## Investeringar i Forsvaret og andre saker



# Innhold

1	Innleiing .....	5	5	<b>Omfangsendring av pågåande eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning</b> .....	12
2	<b>Nye materiellprosjekt for godkjenning</b> .....	6		Evenes – fasilitetar for maritime patruljefly .....	12
2.1	P1129 Maritim helikopterkapasitet	6	5.1	Ørland – utbetring av hovudrullebana .....	12
2.2	P5230 Artilleriammunisjon 155 mm .....	7	5.2	Ørland – ytre perimeter .....	13
2.3	P6624 Levetidsforlenging Indre kystvakt (IKV) .....	7	5.3		
3	<b>Nytt eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning</b> .....	8	6	<b>Informasjonssaker</b> .....	14
3.1	Ørland – eigedom, bygg og anlegg til luftvern .....	8	6.1	Oppfølging av oppmodingsvedtak	14
			6.2	Gjenanskaffing av materiell som er donert til Ukraina .....	14
			6.3	Informasjonssak om amerikanske investeringar i infrastruktur på Rygge flystasjon .....	14
4	<b>Omfangsendring av pågåande materiellprosjekt for godkjenning</b> .....	9	6.4	Talet på norske F-35 fly på Luke Air Force Base (AFB) .....	15
4.1	P5045 Brupanservogn .....	9	6.5	Ambisjonsnivå for FOC kampflyvåpenet .....	15
4.2	P5049 Ingeniørpanservogn .....	9	6.6	Infrastruktur og støtte for kampflyvåpenet .....	16
4.3	P5430 Bergepanservogn .....	9	6.7	NATO si vurdering av Noreg .....	18
4.4	P5475 Elektroniske mottiltak (EMT) .....	10	6.8	Investeringsprogrammet for utbygging av Evenes flystasjon ....	22
4.5	P2559 Landbasert transportstøtte	10	6.9	Regjeringa sitt val av leverandør av stridsvogn .....	23
4.6	P8051 Oppgradering av Very Low Frequency (VLF) Novik .....	10			
4.7	P8164 Modernisering av kryptoløysingar .....	11			
				<b>Forslag til vedtak om investeringar i Forsvaret</b> .....	24





DET KONGELEGE  
FORSVARSDPARTEMENT

# Prop. 94 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Investeringar i Forsvaret og andre saker

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 31. mars 2023,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Innleiing

Føremålet med denne proposisjonen er å be om Stortinget si godkjenning til å starta opp fire nye investeringsprosjekt, endra omfanget på ti investeringsprosjekt, og å informera Stortinget om ni saker.

Utgangspunktet for godkjenning av investeringsprosjekta i Forsvaret er dei årlege budsjettproposisjonane (Prop. 1 S). Denne proposisjonen fyller såleis ut budsjettproposisjonen.

Investeringsprosjekta som proposisjonen omtalar er alle i samsvar med inneverande langtidsplan for forsvarssektoren (Prop. 14 S (2020–2021)). Rammene i denne proposisjonen er alle i 2023-kroner, og valutakursar er pr. 15. desember 2022.

Proposisjonen har følgjande innhald:

- Godkjenning av kostnadsramme for tre nye materiellprosjekt: Maritim helikopterkapasitet, artilleriammunisjon og levetidsforlenging Indre Kystvakt.
- Godkjenning av kostnadsramme for eit nytt eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt: Ørland – eigedom, bygg og anlegg for luftvern.
- Godkjenning av omfangsendring for sju pågåande materiellprosjekt: Brupanservogn, ingeniørpanservogn, bergespanservogn, landbasert transportstøtte, elektroniske mottiltak, modernisering av kryptoløysingar, og oppgradering av *Very Low Frequency* (VLF) Novik.
- Godkjenning av omfangsendring for tre pågåande eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt: Evenes – fasilitetar for maritime patruljefly, Ørland – utbetring av hovudrullebana, og Ørland – ytre perimeter.
- Status for oppfølging av oppmodingsvedtak om lovheimel for å ivareta rettane til fangar.
- Åtte informasjonssaker om: Gjenanskaffing av materiell som er donert til Ukraina, om amerikanske investeringar i infrastruktur på Rygge, om talet på norske F-35 fly i USA for utdanning, om ambisjonsnivå for full operativ evne for kampflyvåpenet, om infrastruktur og støtte til kampflyvåpenet, om NATO si vurdering av Noreg, om investeringsprogrammet for utbygging av Evenes, samt regjeringa sitt val av leverandør av stridsvogn.

## 2 Nye materiellprosjekt for godkjenning

### 2.1 P1129 Maritim helikopterkapasitet

Stortinget vedtok ved si handsaming av Budsjettinnst. S. Nr. 7 (2000–2001), jf. St.prp. nr. 1 (2000–2001) framskaffing av ny helikopterkapasitet til støtte for Sjøforsvaret sine fregattar og som erstatning for Lynx helikoptera som støtta Kystvakta. Det vart inngått kontrakt på 14 NH90 for operasjonar på kystvaktfartøy og fregattar. Helikoptera skulle etter planen vera levert innan 2008. Sommaren 2022 var det levert åtte helikopter i endeleg versjon. Helikoptera skulle levera 3 900 timar årleg, men hadde fram til då i gjennomsnitt flydd 700 timar årleg. I mellomtida hadde Lynx helikoptera vorte fasa ut i 2014, og Forsvaret har sidan stått utan maritime helikopter som kan møte behovet. Ei utgreiing av Forsvaret, Forsvarsmateriell og Forsvarets forskingsinstitutt viste i 2022 at det sjølv med store ekstrainvesteringar ikkje ville vera mogleg å auka leveransane frå NH90 til eit nivå som ville møte Forsvaret sine behov. 9. juni 2022 vedtok regjeringa å heva kontrakten på NH90-helikoptera som var anskaffa og under innfasing til prosjekt 7660 NH90.

Føremålet med prosjektet er å anskaffa maritim helikopterkapasitet til Forsvaret, til støtte for Kystvakta. Dette for å styrkja Kystvakta si evne til å løysa eigne oppdrag, medrekna søk og redning på sjøen og støtte til det sivile samfunnet. Dei maritime helikoptera vil vera konfigurert til å også kunne understøe maritime kontraterroroppdrag jf. Kystvaktloven §14 og §17. Prosjektet som omtalt her er etter Forsvarsdepartementet si vurdering den raskaste moglege løysinga for å etablere ein ny maritim helikopterkapasitet i Noreg.

Forsvaret sitt behov for maritime helikopter er umiddelbart. Det er naudsynt at ny maritim helikopterkapasitet kan verta tatt i bruk raskt med høgast mogeleg grad av tilgjenge og driftstryggleik. Difor er vektlagde krav bruk av utprøvd teknologi, interoperabilitet med nære allierte, og at helikoptera er eit fleirbrukarsystem som vert nytta av nære og relevante allierte. For å møte ambisjonane til prosjektet og dekkja Forsvaret sitt umiddelbare behov skal det anskaffast

seks MH-60R *Seahawk* med utrusting for å utføra alle helikopteroppdraga til Kystvakta.

I samsvar med behovet for maritime helikopter raskast mogleg, sette regjeringa i verk eit prosjekt for anskaffing av ein maritim helikopterkapasitet umiddelbart etter at kontrakten på NH90 vart heva. Både forsvarssektoren og den politiske leiinga av sektoren har vore i dialog med amerikanske styresmakter sidan sommaren 2022. Behovet for maritime helikopter vart mellom anna fremma i eit bilateralt møte mellom forsvarsministrane i Noreg og USA hausten 2022. Takka vere dette arbeidet og særst god støtte frå USA har Noreg fått høve til å få hurtigare levering av tre helikopter som opphavleg var tiltenkt bruk i den amerikanske marinen. Dette krev at kontrakten vert signert sommaren 2023.

Som eit ledd i anskaffinga har det vore tett dialog med Danmark. Norsk personell skal i løpet av 2023 til Danmark for å trenast på operasjonar med *Seahawk* i ein tilsvarande konfigurasjon som Noreg har til siktemål å anskaffa. Anskaffinga vil gi eit godt høve til å styrka nordisk militært samarbeid. Helikoptera vil etablerast på Bardufoss, og vil skapa eit kompetansmiljø i nord for arktiske operasjonar med *Seahawk*.

Prosjektet har ei kostnadsramme på inntil 11 983 mill. kroner, inkludert meirverdiavgift, avsetjing for uvisse og gjennomføringskostnader. Styringsramma utgjer 10 305 mill. kroner, inkludert meirverdiavgift og gjennomføringskostnader. Det vil stillast krav til leverandøren av helikoptera om ein avtale om industrisamarbeid tilsvarande den fulle verdien av kontrakten om anskaffing.

Det skal gjennomførast eit eige prosjekt for styrking av anti-ubåtkapasiteten til Sjøforsvaret. For anti-ubåtkapasitet kan det vera andre måtar å løysa behovet på enn helikopter og det skal difor gjennomførast ei konseptvalutgreiing som gjenomgår ekstern kvalitetssikring på vanleg måte for ei slik anskaffing. Dersom det gjennom dette prosjektet vert tilrådd ei anskaffing av helikopter til støtte for Sjøforsvaret sine fregattar, vil anskaffing av *Seahawk* til Kystvakta leggja eit godt grunnlag for dette.

For at mogleg leveranse av nye helikopter skal kunna skje så raskt som råd har prosjektet ikkje gjennomgått ordinær prosess for kvalitetssikring. Det følgjer dermed større uvisse med prosjektet enn normalt. Kvalitetssikring vert gjennomført våren 2023, og Forsvarsdepartementet vil koma attende til Stortinget dersom det er naudsynt.

## 2.2 P5230 Artilleriammunisjon 155 mm

Hæren fekk levert 24 nye K9 artilleriskyts og seks ammunisjonshandteringskøyretøy i 2019 og 2020. I 2022 vart det signert ein kontrakt om tilleggsanskaffing av fire skyts og åtte ammunisjonskøyretøy.

Ved anskaffinga av det nye artillerisystemet var det ein føresetnad at dei nye skytsa skulle ha vesentleg lenger rekkjevidde enn dei eksisterande skytsa. Årsaka er utviklinga innan landstriden der rekkjevidde er ein kritisk faktor for å kunna slå ut ein motstandar. Det vart difor sett krav om minimum 40 kilometer (km) rekkjevidde, til skilnad frå det gamle M109-systemet si rekkjevidde på om lag 30 km. Det nye artillerisystemet har ei rekkjevidde på meir enn 40 km, men det krev at det vert anskaffa ny ammunisjon. Det er gjennomført eit utviklingsprosjekt for slik ammunisjon, og ammunisjonen er no klar for serieproduksjon.

Krigen i Ukraina har hatt store konsekvensar for leveringstider, prisar og tilgang på råvarer i store deler av verda, og rammar ikkje berre forsvarsindustrien. Etterspurnad etter forsvarsmateriell er sterkt aukande. Press på tilgang på råvarer og industriell kapasitet har ført til sterk prisauke og auka leveringstider på nær sagt alt militært materiell. Ein må følgeleg inngå kontraktar tidlegare enn før og for lengre periodar for å sikra leveransar.

Granaten er ferdigutvikla ved Nammo Raufoss AS og klar for serieproduksjon. Anskaffinga vert gjennomført som eit rammestyrt kjøp med fritak frå krava til ekstern kvalitetssikring.

Prosjektet skal kjøpa komplette artillerigranatar med rekkjevidde på minimum 40 km som eit direkte kjøp frå Nammo Raufoss AS.

Regjeringa har vedtatt å framskunda anskaffinga av artilleriammunisjon. Samstundes skal det leggjast til rette for å auka produksjonskapasiteten. Det bidreg til å byggja opp beholdningane av beredskapsammunisjon og gjer NAMMO meir føreseielege vilkår for å gjera ytterlegare investeringar i produksjonskapasitet. Prosjektet inneheld og gjenanskaffing etter donasjonar til Ukraina.

Den tilrådde styrings- og kostnadsramma for materiellprosjektet er 4 245 mill. kroner medrekna meirverdiavgift og gjennomføringskostnadar.

## 2.3 P6624 Levetidsforlenging Indre kystvakt (IKV)

Indre kystvakt har i dag fem fartøy i Nornen-klassen. Desse vart bygd av sivile reiarlag i perioden 2005–2007 og leigd ut til Forsvaret og Kystvakta. Forsvaret kjøpte fartøya frå reiarlaga i 2012. Fartøya opererer i indre farvatn langs heile den norske kysten. Dei er eit viktig bidrag i utøvinga av norsk jurisdiksjon på havet. Desse fartøya spelar ei særleg viktig rolle for handheving av norsk rett i kystsona. Dei er både kontaktpunkt og utøvande ledd for ei lang rekkje offentlege etatar med ansvar for ulike saker i desse områda.

Det er no identifisert behov for å gjennomføra ei midtlivsoppdatering for å oppretthalda den operative evna til fartøya ut levetida. Dette inkluderer å betra driftstryggleiken, utbetra teknisk ukurans, oppfylla gjeldande krav til helse, miljø og tryggleik (HMS), oppdatera innreiinga av fartøya, samt gjennomføra tekniske oppdateringar av fleire skipstekniske system.

Ein sentral del av operasjonskonseptet til den relativt saktegåande Nornen-klassen er å nytta hurtiggåande patruljebåtar. Fartøya har desse om bord til å auka aksjonsradius og auka talet på oppdrag som kan løysast samstundes. Dei hurtiggåande patruljebåtane nyttast også til styrkevern av allierte militære fartøy på besøk i Noreg. Forsvaret har vurdert at desse patruljebåtane har nådd si forventa levetid. Det er difor tilrådd å byta dei ut med ein ny tilsvarande patruljebåt med relevant yting og design.

Prosjektet si hovudmålsetjing er å sikre at dei fem fartøya i Nornen-klassen kan vidareførast mot 2040 for å sikra ein kontinuerleg kystvaktkapasitet i indre farvatn.

Levetidsforlenging av fartøya vil verta gjennomført gjennom ein nasjonal konkurranse, medan anskaffing av dei hurtige patruljebåtane vil verta gjennomført som ein open konkurranse.

Det er planlagt utbetalingar frå prosjektet frå 2025 fram til omlag 2030. Den tilrådde kostnadsramma for materiellprosjektet er samla på 592 mill. kroner medrekna meirverdiavgift, ei avsetjing for uvisse, og gjennomføringskostnadar. Styringsramma utgjer 566 mill. kroner, medrekna meirverdiavgift og gjennomføringskostnadar.

## 3 Nytt eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning

### 3.1 Ørland – eigedom, bygg og anlegg til luftvern

---

Ørland flystasjon er over tid bygd opp som Forsvaret sin hovudbase for kampfly. Luftvernet er eit sentralt element i vernet mot angrep frå lufta. Vedtatt strukturutvikling på Ørland består av ein luftvern bataljon med to luftvern batteri i tillegg til Luftverntaktisk skule.

EBA stør luftvernet si evne til å verna Ørland flystasjon mot truslar frå lufta og legg til rette for styrkeoppbygging av befall og soldatar til Luftforsvaret og Hæren. I dag er EBA til luftvern på Ørland underdimensjonert, spreidd og lite tilpassa luftvernet sitt behov. Ny løysing er tilpassa vedtatt strukturutvikling, planlagt materiellprosjekt for oppgradering av bakkebasert luftvern og endra modell for styrkeproduksjon. Ved gjen-

nomføring av prosjektet vert det lagt til rette for auka effektivitet og for betre utnytting av areala på flystasjonen.

I prosjektet vert det etablert eit nytt administrasjonsbygg med kontor og undervisningsrom, samt to hallar for lagring av utstyr for dei to luftvern batteria. I tillegg til ny bygningsmasse, vert det etablert to område som skal dekkja behovet for å utføra prosedyre for «klar til strid.» Gjenbruk av eksisterande bygningsmasse dekkjer resten av EBA-behovet.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 446 mill. kroner medrekna innreiing, meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetjing for uvisse. Prosjektet si styringsramme er sett til 360 mill. kroner inkludert medrekna innreiing, meirverdiavgift og gjennomføringskostnadar. Forventa overlevering av prosjektet er tidleg i 2026.



## 4 Omfangsendring av pågåande materiellprosjekt for godkjenning

### 4.1 P5045 Brupanservogn

---

Stortinget vedtok prosjektet med si handsaming av Innst. 359 S (2017–2018) til Prop. 66 S (2017–2018). Prosjektet skal anskaffa seks brupanservogner på moderniserte Leopard 2-chassis med tilhøyrande materiell for logistikk og utdanning. Det vart levert to vogner i 2022. Dei resterande vognene er planlagt levert innan utgangen av 2023.

Ved Stortinget si handsaming av Innst. 87 S (2020–2021) til Prop. 14 S (2020–2021) vart det vedtatt å styrka Hæren. Dette inkluderer òg å tilføra ytterlegare brupanservogner til Hæren. Tilleggsanskaffinga vil verta gjort med bakgrunn i den tidlegare inngåtte kontrakten. Det skal anskaffast to nye brupanservogner. Levering er planlagt innan 2029.

Ved inngåing av kontrakten måtte leverandøren forplikta seg til industrielt samarbeid med Noreg. Forpliktinga vil no auka tilsvarende verdien på opsjonen som vert utløyst.

Det er gjennomført supplerande analyse av prosjektet i tråd med Finansdepartementet sine retningsliner for ekstern kvalitetssikring.

Kostnadsramma for prosjektet vert foreslått auka med 479 mill. kroner til 1 284 mill. kroner inkludert ei avsetjing for uvisse, gjennomføringskostnader og meirverdiavgift.

### 4.2 P5049 Ingeniørpanservogn

---

Stortinget vedtok prosjektet med si handsaming av Innst. 359 S (2017–2018) til Prop. 66 S (2017–2018). Prosjektet skal anskaffa seks ingeniørpanservogner på moderniserte Leopard 2-chassis med tilhøyrande materiell for logistikk og utdanning. Alle vognene er levert.

Ved Stortinget si handsaming av Innst. 87 S (2020–2021) til Prop. 14 S (2020–2021) vart det vedtatt å styrka Hæren. Dette inkluderer òg å tilføra ytterlegare ingeniørpanservogner til Hæren. Tilleggsanskaffinga vil verta gjort gjennom utlysing av ein opsjon i den tidlegare kontrakten.

Det skal anskaffast åtte nye ingeniørpanservogner og tilhøyrande utstyr for minerydding. Levering er planlagt frå 2026. Tre av vognene er gjenanskaffing etter donasjonar til Ukraina.

Ved inngåing av kontrakten måtte leverandøren forplikta seg til industrielt samarbeid med Noreg. Forpliktinga vil no auka tilsvarende verdien på opsjonen som vert utløyst.

Det er gjennomført supplerande analyse av prosjektet i tråd med Finansdepartementet sine retningsliner for ekstern kvalitetssikring.

Kostnadsramma for prosjektet vert foreslått auka med 1 327 mill. kroner til 2 123 mill. kroner inkludert ei avsetjing for uvisse, gjennomføringskostnader og meirverdiavgift.

### 4.3 P5430 Bergepanservogn

---

Forsvarsdepartementet godkjende prosjektet for gjennomføring som eit kategori 2-prosjekt i 2013. Prosjektet skal anskaffa seks bergepanservogner på moderniserte Leopard 2-chassis med tilhøyrande materiell for logistikk og utdanning. Alle vognene er levert.

Ved Stortinget si handsaming av Innst. 87 S (2020–2021) til Prop. 14 S (2020–2021) vart det vedtatt å styrka Hæren. Dette inkluderer òg å tilføra ytterlegare bergepanservogner til Hæren. Tilleggsanskaffinga vil verta gjort gjennom utlysing av ein opsjon i den tidlegare kontrakten. Det skal anskaffast tre nye bergepanservogner. Levering er planlagt frå 2026. Ei av vognene er gjenanskaffing etter donasjon til Ukraina.

Ved inngåing av kontrakten måtte leverandøren forplikta seg til industrielt samarbeid med Noreg. Forpliktinga vil no auka tilsvarende verdien på opsjonen som vert utløyst.

Det er gjennomført supplerande analyse av prosjektet i tråd med Finansdepartementet sine retningsliner for ekstern kvalitetssikring.

Kostnadsramma for prosjektet vert foreslått auka med 642 mill. kroner til 1 330 mill. kroner inkludert ei avsetjing for uvisse, gjennomføringskostnader og meirverdiavgift.

#### 4.4 P5475 Elektroniske mottiltak (EMT)

Stortinget vedtok prosjektet med si handsaming av Innst. 7 S (2017–2018) til Prop. 1 S (2017–2018). Prosjektet skal gjenanskaffa kapasiteten til å utføra EMT. Det skal anskaffast system som vert montert på pansra kampstøttekøyretøy og på hjulkøyretøy av ein kommersielt tilgjengeleg type. Leveransane er planlagt i perioden 2023–2025. EMT-system vert mellom anna nytta til å forstyrre den elektroniske kommunikasjonen som ein motstandar sin kommunikasjon, kommandokjede og presisjonsvåpen er avhengige av.

Ved Stortinget si handsaming av Innst. 87 S (2020–2021) til Prop. 14 S (2020–2021) vart det vedtatt å styrka Hæren. Dette inkluderer òg å tilføra ytterlegare EMT-system. Tilleggsanskaffinga vil verta gjort gjennom utløysing av ein opsjon i den tidlegare kontrakten.

Ved inngåing av kontrakten måtte leverandøren forplikta seg til industrielt samarbeid med Noreg. Forpliktinga vil no auka tilsvarande verdien på opsjonen som vert utløyst.

Det er gjennomført supplerande analyse av prosjektet i tråd med Finansdepartementet sine retningslinjer for ekstern kvalitetssikring.

Kostnadsramma for prosjektet vert foreslått auka med 652 mill. kroner til 1 262 mill. kroner inkludert ei avsetjing for uvisse, gjennomføringskostnadar og meirverdiavgift.

#### 4.5 P2559 Landbasert transportstøtte

Stortinget vedtok prosjektet med si handsaming av Innst. 359 S (2017–2018) til Prop. 66 S (2017–2018). Forsvaret anskaffa om lag 2 000 Scania lastevogner i fleire variantar i perioden 1987–1996, og vognene nærmar seg slutten av den tekniske levetida. Gjennom prosjektet vert det anskaffa nye lastevogner som erstatning for Scania-lastevognene. Innanfor sine fullmakter har Forsvarsdepartementet tidlegare godkjent anskaffing av dei 125 høgst prioriterte lastevognene i ulike variantar. Desse lastevognvariantane vert anskaffa gjennom avrop på ein felles norsk-svensk rammeavtale med det tyske selskapet *Rheinmetal M.A.N. Military Vehicles*. Det er så langt mottatt 109 vogner frå leverandøren. Dei fyrste vart overført til Forsvaret hausten 2022.

Den same rammeavtalen ligg også til grunn ved anskaffinga i prosjekt 2559. Prosjektet skal anskaffa om lag 290 nye lastevogner i ulike versjonar. Dei fyrste 56 køyretøya er levert frå leverandøren og vart overført til Forsvaret i 2022.

Det er vedtatt at Noreg skal donera lastevogner til Ukraina. Den justerte kostnadsramma inneheld midlar for gjenanskaffing av desse vognene.

Kostnadsramma for prosjektet vert foreslått auka med 65 mill. kroner til 2 246 mill. kroner inkludert ei avsetjing for uvisse, gjennomføringskostnadar og meirverdiavgift.

#### 4.6 P8051 Oppgradering av Very Low Frequency (VLF) Novik

Forsvaret har ein radiostasjon for kommunikasjon med ubåtar lokalisert i Novik, sør for Bodø. Dette er ein radiostasjon som nyttar eit svært lågt frekvensområde, VLF, slik at det er mogleg å kommunisera med neddykka ubåtar. Stasjonen vart ferdigstilt i 1968. Vedlikehaldet av radiosendaren og tilhøyrande EBA har vore godt, men etter over 50 års drift er det no naudsynt med ei større oppgradering av anlegget. Av nytt materiell skal det anskaffast ein VLF-radiosendar med tilhøyrande kontrollstasjon og anna utstyr. Innanfor EBA må det gjennomførast omfattande oppgraderingar av tekniske installasjonar og infrastruktur, kraftforsyning og naudsynte tilpassingar for integrasjon av ny radiosendar i fjellanlegget.

Det operative behovet for VLF-kapasitet er framleis til stades, og er ytterlegare aktualisert med auka aktivitet i og interesse for nordområda. Behovet for ein VLF-sendar vert forsterka av det pågåande prosjektet for nye ubåtar. Utan tilgjengeleg VLF-kapasitet vil kommando og kontroll over ubåtane verta redusert, og det vert vanskelegare for ubåtane å operera skjult. Dette ville ha påverka evna til å utføra ubåtoperasjonar negativt.

Prosjektet si hovudmålsetjing er å sikra Noreg og NATO ein moderne og påliteleg VLF-kapasitet for å støtta noverande og ny ubåtkapasitet. Dette vil sikra at Forsvaret si operative leiing og NATO kan utøva kommando og kontroll over ubåtane. NATO betalar for bruk av VLF-tenestene på Novik gjennom eit årleg tilskot som bidrar til drift og vedlikehald av stasjonen.

Innkjøpet av radiosendaren med tilhøyrande utstyr vil verta gjennomført som eit direktekjøp i tråd med «Anskaffelsesreglement for Forsvaret.» I samband med anskaffinga vil det vera krav om å inngå ein avtale om forsvarsindustrielt samarbeid med leverandøren før hovudkontrakten vert underteikna.

Stortinget vedtok prosjektet ved si handsaming av Innst. 496 S (2020–2021) til Prop. 123 S (2020–2021). Innkjøpet var opphavleg planlagt

gjennomført i perioden 2021–2026, men er forseinka. Hovudårsaka er avstanden mellom ramma for prosjektet og mottatt tilbod. Planlagt overlevering av prosjektet er innan utgangen av 2026.

Kostnadsramma for prosjektet vert foreslått auka med 376 mill. kroner til 1 354 mill. kroner inkludert ei avsetjing for uvisse, gjennomføringskostnadar og meirverdiavgift. Styringsramma utgjer 1 222 mill. kroner, medrekna meirverdiavgift og gjennomføringskostnadar.

#### 4.7 P8164 Modernisering av kryptoløysingar

Behovet for kryptografi har bakgrunn i at Forsvaret må verna informasjon som vert utveksla. Informasjon må kunna delast med ulike einingar og samarbeidspartnarar nasjonalt og internasjonalt i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande operative behova. Ved å nytta kryptografi syter ein for at informasjonen vert gjort utilgjengeleg for alle andre enn dei rette mottakarane (konfidensialitet). Ein sikrar vidare at informasjonen er ekte og ikkje har vorte endra på (integritet). I tillegg veit ein kvar informasjonen oppstod, kva endringar som har vorte gjort undervegs til mottakar og kven som har gjort endringane (autentisitet).

Utviklinga tilseier at eit moderne nettverksbasert forsvar vil vera meir og meir avhengig av kryptomekanismar. Det er ikkje lenger mogleg å ha som føresetnad at ein har kontroll på alle aktørar i eit nettverk. I eit slikt forsvar er det avgjerande at kjelda til informasjonen er truverdig og at integriteten er ivaretatt. Til dømes må den som tar avgjerder vera viss på at informasjonen som vert mottatt er korrekt. På same måte må det vera sikkert at målinformasjonen til eit våpensystem ikkje er endra av uvedkomande. Vidare vil utbreiing av ubemanna plattformer auka i tida framover. Desse systema vil ha tilsvarende krav til integritet og tryggleik for at dei skal kunne nyttast effektivt. Kryptografi er difor ein føresetnad for å oppnå sikker og effektiv informasjonsutveksling i eit moderne forsvar.

Samanlikna med andre IKT-kapasitetar har kryptokapasitetar lang utviklingstid, lang brukstid og lang tid for ettervern. Forsvaret har i dag ein etter måten moderne kapasitet innanfor kryptografi for datanettverk, basert på system utvikla av norsk industri. Denne kapasiteten har vist seg å vera ei driftssikker og robust løysing, som også er eksportert til NATO og allierte land. Utstyret har vorte nytta i det stasjonære nettet sidan 2001, medan siste generasjon berbare kryptoløysingar har vorte fasa inn hjå mobile styrkar dei siste fem til ti åra. Kryptoinfrastrukturen ein har i dag vil likevel snart nå si planlagde levetid. Noverande kryptoinfrastruktur tilfredsstillar ikkje nye krav til kapasitet, funksjonalitet, interoperabilitet og kvanteresistens. Det er mellom anna meir og meir sannsynleg at kvantedatamaskiner vert realisert i løpet av dei neste fem til ti åra. Dette fører til at det er operativt naudsynt å utvikla kvanteresistente kryptoalgoritmar.

Prosjekt 8164 Modernisering av kryptoløysingar skal erstatta dagens IP-kryptosystem som kan nyttast på stasjonært, utplasserbart og mobilt nivå i Forsvaret og andre delar av forsvarssektoren. Løysingane som vert utvikla vil også vera relevante for totalforsvaret, og dei bør også kunna vera mogleg å eksportera til allierte land.

Noreg ynskjer å ha nasjonal kontroll over og kompetanse på kryptoteknologi. Innkjøpet av høggraderte kryptoløysingar vil difor verta gjennomført som ei direkteanskaffing hjå ein norsk industripartner i tråd med «Anskaffelsesreglement for Forsvaret».

Stortinget vedtok opphavelig prosjektet ved si handsaming av Innst. 346 S (2018–2019) til Prop. 60 S (2018–2019). Innkjøpet var opphavelig planlagt gjennomført i perioden 2020–2024, men er forseinka. Hovudårsaka er avstanden mellom ramma for prosjektet og mottatt tilbod. Levering er planlagt i perioden 2026–2031.

Kostnadsramma for prosjektet er foreslått auka med 1 564 mill. kroner til 2 282 mill. kroner inkludert ei avsetjing for uvisse, gjennomføringskostnadar og meirverdiavgift. Styringsramma utgjer 2 047 mill. kroner, medrekna meirverdiavgift og gjennomføringskostnadar.

## 5 Omfangsendring av pågåande eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning

### 5.1 Evenes – fasilitetar for maritime patruljefly

---

Stortinget vedtok prosjektet for fasilitetar for Poseidon (P-8) maritime patruljefly ved handsaminga av Innst. 346 S (2018–2019) til Prop. 60 S (2018–2019). Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet var 1 979 mill. 2023-kroner. Prosjektet er det største enkeltprosjektet i Evenes-programmet og omfattar fasilitetar for hangarar, oppstillingsplassar, administrasjon, verkstad, lager og vask av P-8 maritime patruljefly. Prosjektet starta i 2019 og skulle etter opphavleg plan stå ferdig sommaren 2022. Kostnadsramma vart auka ved Stortinget si handsaming av Innst. 339 S (2019–2020) til Prop. 78 S (2019–2020) då det vart avdekkja at det var naudsynt å flytta anlegget lengre sør for å unngå turbulens over rullebanen. Fasilitetane vart etter reprosjektering planlagt å stå ferdige hausten 2023. Prosjektet si prisjusterte kostnadsramme er 2 566 mill. kroner.

I Prop. 1 S (2022–2023) vart Stortinget orientert om at kostnadsramma for prosjektet kunne vera for liten. Prosjektet er forseinka, og overlevering skjer truleg i desember 2024. Årsakene til auken i kostnader og forlengja byggetid er samansett. Det har vore ein stor auke i prisane for material og arbeid sidan 2020 der kostnadsramma for prosjektet ikkje har vorte tilstrekkeleg kompensert. Skilnaden for dette utgjer aleine 160–200 mill. kroner etter det Forsvarsbygg har rekna ut. Andre årsaker til auken i kostnader skuldast mellom anna høge krav til tryggleik og lengre tid for å klarera tilsette enn vanleg. Dette har ført til at entreprenøren ikkje har hatt nok kapasitet på byggeplassen og har ført til at det er naudsynt med lengre byggetid. Førebuing av tomte har òg vist seg å vera meir krevjande enn det som var pårekna. Det har vorte kutta i areal og konstruksjonen har vorte forenkla for å minska materialkostnader og byggetid. Prosjektet har kome så langt at det ikkje er mogleg å redusera det ytterlegare utan at det vil forseinka det enno meir. I tillegg vil ein reduksjon av omfang ikkje innfri sentrale krav til prosjektet. Ein ekstern gjennomgang

våren 2022 stadfestar at det vil vera naudsynt å auka rammene for å fullføra prosjektet slik at det kan møta dei operative behova til dei maritime patruljeflya.

Vanlegvis skal det ikkje vera stor restrisiko i eit prosjekt som har kome til denne fasen i gjennomføringa. Det er framleis noko restuvisse som følgje av at det er eit komplisert bygg som skal førast opp på ein operativ flybase i dagleg bruk. For å redusera uvisse er det gjennomført fleire tiltak, til dømes er prosjektorganisasjonen styrka og prosjektet sitt uvisserregister vert kontinuerleg oppdatert for å kunna ha kontroll på og god oppfølging av drivarane av uvisse. I tillegg har hovudentreprenøren omorganisert seg og endra sine skiftordningar for å betra produksjonen. I regjeringa sitt forslag til kostnadsramme er det tatt høgde for dei sentrale drivarane av uvisse.

Kostnadsramma for prosjektet vert foreslått auka med 551 mill. kroner til 3 117 mill. kroner inkludert innreiing, ei avsetjing for uvisse, gjennomføringskostnader og meirverdiavgift.

### 5.2 Ørland – utbetring av hovudrullebana

---

Stortinget vedtok prosjektet for utbetring av hovudrullebana på Ørland med handsaminga av Innst. 496 S (2020–2021) til Prop. 123 S (2020–2021). Prosjektet omfattar utskifting av massar for å lukka avviket på bereevna i tryggingssområdet langs den opphavelge delen av hovudrullebana. Det er også naudsynt å fornya banedekket på denne delen av rullebana. Skadde lag asfalt vert frest bort og det skal leggjast ny asfalt lag for lag opp til nytt slitelag. I heile rullebanelengda vert det gjennomført tiltak for å utvida baneskuldrene slik at den totale banebreidda vert 60 meter. Prosjektet si prisjusterte kostnadsramme er 512 mill. kroner.

I prosjektet for oppgradering av taksebanene Yankee og A4-A7 på Ørland, som Stortinget godkjende ved handsaming av Innst. 339 S (2019–2020) til Prop. 78 S (2019–2020), vart det identifi-

sert avvik på det underliggjande betongdekket og behov for fullstendig fjerning av dette dekket. Dette er no utbetra og prosjektet er i sluttfasen. Hovudrullebana vart opphavelag oppbygd med same metode som taksebane Yankee. Prøver som er gjennomført på kantane av, og dels inne på sjølve hovudrullebana, har avdekka risiko for eit mogleg avvik på betongdekket også under hovudrullebana og baneskuldrene. Eit mogleg avvik er knytt til kvaliteten på betongen. Det kan vera behov for å fjerna delar av eller all betongen for å tilfredsstilla dei tekniske krava til rullebana. I Prop. 1 S (2022–2023) vart Stortinget informert om at det er gjennomført ein ny analyse av uvisse i prosjektet for oppgradering av hovudrullebana. Denne analysen syner at det er stor risiko for at kostnadsramma til prosjektet ikkje strekk til å gjennomføra naudsynte tiltak. Vidare vart det informert om at regjeringa vil koma attende til Stortinget på eigna måte for å informera om eventuelle konsekvensar for ferdigstilling, endring av omfang i prosjektet, eller forslag om ny kostnadsramme. Ved handsaminga av prosjektet er det funne at det er naudsynt å auka prosjektet si kostnadsramme for å ivareta eit mogleg behov for å gjennomføra ytterlegare tiltak i prosjektet.

Om det er naudsynt å gjennomføra slike tiltak vil først avdekkast når asfaltdekket er fjerna. Dette vil i så tilfelle innebera at store deler av eksisterande rullebane må fjernast heilt eller delvis, og at rullebana må byggjast opp på nytt. I tillegg har det vore ein stor prisauke på innsatsfaktorane i prosjektet.

Hovudrullebana må stengjast medan den vert utbetra. Taksebane Yankee vil mellombels nyttast som hovudrullebane. Det vart opphavelag lagt opp til byggestart i prosjektet første kvartal 2023. Byggestart er no planlagt til september 2023 med forventa overlevering ved utgangen av 2024. I Prop. 1 S (2022–2023) vart Stortinget informert om at Luftfartstilsynet har gitt førebels sertifisering av hovudrullebana for fly med kode 4C (tilsvarande Boeing 737 eller liknande) med pålegg om å lukka avvik knytt til tryggingområdet innan 1. januar 2024. Luftfartstilsynet har no forlenga denne fristen til 1. januar 2028.

Det er gitt tilsegn frå NATO sitt investeringsprogram for tryggleik om finansiering av delar av prosjektet. Forsvarsdepartementet planlegg å søkja om finansiering av ytterlegare deler av prosjektet frå NATO.

Kostnadsramma for prosjektet vert foreslått auka med 448 mill. kroner til 960 mill. kroner medrekna meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetting for uvisse.

### 5.3 Ørland – ytre perimeter

Stortinget vedtok prosjektet for etablering av ytre perimeter på Ørland ved handsaming av Innst. 7 S (2016–2017) til Prop. 1 S (2016–2017). Prosjektet omfattar tiltak for naudsynt grunnsikring av basen i form av forsterking av ytre perimeter, inkludert hindring av personell og køyretøy, overvakingssystem for deteksjon og verifikasjon, samt nytt område for kontroll av tilgang for effektiv og sikker kontroll. Arbeidet vert gjennomført i fem fasar, der fire av fasane er ferdige og overlevert til brukar. Fase fem heng saman med bygging av ny hovudvakt og utvikling i området mellom Soldatheimen (tidlegare Hårberg skule) og Kleivhaugen. Prosjektet si prisjusterte kostnadsramme er 529 mill. kroner.

I Prop. 1 S (2022–2023) vart Stortinget informert om at det er gjennomført ein ny analyse av uvisse i prosjektet og at det vart vurdert at heile prosjektet ikkje kan gjennomførast innanfor gjeldande kostnadsramme. Vidare vart det informert om at departementet på eigna måte ville koma attende til Stortinget med forslag om å redusera omfanget eller auka kostnadsramma til prosjektet.

Handsaminga av prosjektet har vist at det er naudsynt å auka prosjektramma for å kunna gjennomføra fase fem og ferdigstillande etableringa av ytre perimeter. Prosjekteringa av fase fem i detalj har vist at tilfredsstillande løysing for sikring av hovudtilkomsten og ytre vaktbygg kostar meir enn prosjektet opphavelag la til grunn. Vidare er det auka omfang knytt til sikring rundt Soldatheimen. I tillegg er det naudsynt å gjennomføra nye tiltak knytt til trafikksikring og utbetring av dagens veg, etablering av energiforsyning, rivning av eksisterande bygg og nokre tiltak knytt til utgraving av kulturminne. Forventa overlevering av prosjektet er innan utgangen av 2025.

Kostnadsramme for prosjektet vert foreslått auka med 184 mill. kroner til 713 mill. kroner medrekna innreiing, meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetting for uvisse.

## 6 Informasjonssaker

### 6.1 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 576, 18. april 2017:

«Stortinget ber regjeringen utrede en egen lov- hjemmel for å sikre at fanger som holdes av norske styrker i forbindelse med væpnet konflikt får ivaretatt sine rettigheter, samt hvordan rettighetene til personer som holdes fanget av norske soldater kan ivaretas i våre internasjonale operasjoner.»

Stortinget fatta vedtaket ved handsaming av Innst. 248 S (2016–2017) om «Redegjørelse av utenriksministeren og forsvarsministeren om Afghanistan», inkludert rapporten frå det regjeringsoppnemnte utvalet som evaluerte og trekte lærdomar av Noreg sin sivile og militære innsats i Afghanistan i perioden 2001–2014. Miljøpartiet De Grønne fremma forslaget etter at innstillinga var fremma for Stortinget. Forsvaret har på oppdrag frå Forsvarsdepartementet gjennomført ei utgreiing av temaet fridomsrøving i militære operasjonar, som eit grunnlag for det vidare arbeidet med problemstillinga. Saka har vist seg å vera noko meir kompleks enn kva ein først trudde. Dette har ført til forseinkingar. Forsvarsdepartement utreiar no behovet for lovforankring. Dette skjer i dialog med Utanriksdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet. Forsvarsdepartementet tar sikte på å gjera denne utgreiinga innan første halvdel av 2024. Regjeringa tar sikte på å informera Stortinget om saka våren 2024.

### 6.2 Gjenanskaffing av materiell som er donert til Ukraina

Store delar av materiellet som er donert til Ukraina er tatt ut frå Forsvaret sin struktur. For at Forsvaret skal nå dei politisk vedtatte måla må dette gjenanskaffast. Fram til 21. mars 2023 var det donert slikt materiell for om lag 4 610 mill. kroner. Den største enkeltdonasjonen som krev gjenanskaffing er artillerigranatar for om lag

1 516 mill. kroner. Finansieringa av gjenanskaffingane er handsama gjennom vedtatte og planlagde tilleggsøyvingar til støtte for Ukraina. Utbetalingsane vil vera frå 2023 og i ein del år framover. Periodiseringa av utbetalingane avheng av fleire tilhøve der tilgjenge hjå produsentane vil vera styrande. Marknadene for militært materiell er om dagen slik at det er ein del uvisse knytt til dette. Der det er mogleg vert det planlagt med å auka rammene i eksisterande prosjekt for å gjennomføre anskaffingane. Det vil mellom anna gjelda artilleriammunisjon og lastevogner. Der det ikkje er naturleg å utvida ramma i eksisterande prosjekt til gjenanskaffingane, vil dette løysast med å oppretta eigne investeringsprosjekt, eller som driftsanskaffingar.

### 6.3 Informasjonssak om amerikanske investeringar i infrastruktur på Rygge flystasjon

Alliert nærvær og mottak av allierte styrkar er avgjerande for norsk tryggleik. Det tette samarbeidet med USA har vore viktig for norsk tryggleik i meir enn 70 år. Tilleggsavtalen om forsvarssamarbeid mellom Noreg og USA, *Supplementary Defense Cooperation Agreement* (SDCA), tok til å gjelda 17. juni 2022. Avtalen legg til rette for vidareutvikling av det mangeårige forsvarssamarbeidet med USA. Rygge flystasjon er eit av dei fire omforente områda som vart etablert då avtalen vart sett i kraft. I april 2022 informerte regjeringa Stortinget om at det var dialog med USA om planar for amerikanske investeringar i infrastruktur på Rygge flystasjon, jf. Innst. 395 S (2021–2022) til Prop. 90 S (2021–2022). Etter førespurnad frå amerikanske styringsmakter i januar i år, godkjende regjeringa dei amerikanske investeringane i infrastruktur på Rygge flystasjon. USA har estimert deira samla investeringskostnadar til å vera om lag 2 mrd. kroner og vil sjølve dekkja 100 pst. av oppføringskostnadane. Det er planlagt at investeringane skal vere ferdige innan utgangen av 2027, fordelt på følgjande fem prosjekt:

*Perimetergjerde og patruljeveg* for den delen av flystasjonen som i dag er utan tilstrekkeleg sikring.

*Klargjering av flater for oppsett av forlegnings- og basesett.* Prosjektet inneber opparbeiding av betong- og grusflater, med tilhøyrande infrastruktur for oppsett av telt og forlegningsfasilitetar for mottak av luftstyrkar. Det vil mellom anna inkludera areal for å kunna etablere matsservering for opptil 550 personar, kommandoplassfasilitetar, soveplassar, samt toalett- og dusjfasilitetar. Denne kapasiteten vil det kunna vera behov for å etablere ved mottak av og operasjonar saman med allierte luftstyrkar.

*Auka kapasitet for ammunisjonslagring.* Dette inneber utvikling av eit område for bygging av ammunisjonslager og flater for ammunisjonshandtering, inkludert tryggingsgjerde, tilførselsveg og annan infrastruktur.

*Lagerhallar for deployerbart basesett og anna materiell.* Prosjektet inneber bygging av fire einetasjes lagerhallar for å leggja til rette for lagring av materiell til bruk i krise og krig som kan nyttast på Rygge eller sendast andre stader. Prosjektet inkluderer også bygg for utføring av vedlikehald, med tilhøyrande infrastruktur.

*Fasilitetar for Quick Reaction Alert (QRA).* Desse vil vera samansett av fire shelter med tilhøyrande fasilitetar, inkludert oppstillingsplassar for fly som vil kunna ivareta amerikanske og andre allierte fly av ulike storleikar og typar. Lys for taksebane samt brannvernbygning og særskilt tryggingsgjerde inngår i prosjektet. I tillegg inkluderer det fasilitetar der QRA-mannskapet kan sova og laga mat, samt areal for naudsynt kontor- og operasjonsstøtte.

Etter at infrastrukturen er ferdig vil den verta norsk eigedom, men amerikanske styrkar vil ha bruksrett. Med unntak av lagerfasilitetane som vil vere for eksklusiv amerikansk bruk, vil også norske og andre allierte styrkar kunna nytta infrastrukturen. Driftskostnadar vil verta fordelt prora. Det vert vidare lagt til grunn at framtidig amerikansk militær aktivitet berre unntaksvis vil ha konsekvensar for framtidig sivil lufttrafikk på Rygge.

For å kunna ivareta behovet for å ta imot alliert støtte må det førebuast allereie i fredstid. Regjeringa framheva i Meld. St. 10 (2021–2022) verdien av å styrka evna til alliert mottak, inkludert mottak av allierte luftstyrkar. I Prop. 1 S (2022–2023) vart det framheva at det i lys av både Stortinget si handsaming av Innst. 392 S (2021–2022) til Meld. St. 10 (2021–2022) og at tilleggsavtalen med USA var sett i kraft, vil vidareutvikling av samarbeidet

med USA i luftdomenet prioriterast høgt. Allierte luftstyrkar vil vera i ei særstilling ved behov for rask og tidleg avskrekking. Dei store investeringane USA planlegg på Rygge flystasjon vil vera viktige for vår eiga forsvarsevne og for NATO si evne til å bidra i forsvaret av Noreg, Norden og våre andre europeiske allierte.

#### 6.4 Talet på norske F-35 fly på Luke Air Force Base (AFB)

Luftforsvaret opererer no ti F-35 på Luke AFB i USA for utdanning av nye flygarar. Etter planen skulle dette talet som tidlegare gjort greie for reduserast til fire fly etter 2025. Erfaringane frå verksemda på Luke AFB tilseier no at med dagens opplæringsplan er fire fly utilstrekkeleg til å produsera nok flygarar til å dekkja Luftforsvarets behov. For å utdanna nok flygarar har difor Forsvaret no funne det naudsynt å endra talet på fly stasjonert på Luke AFB i USA til utdanningsformål til seks fly etter 2025. Det vert arbeidd saman med dei andre partnerane med å finna løysingar som reduserer behovet for fly til utdanningsføremål i USA. Regjeringa vil koma attende til Stortinget på eigna vis dersom dette arbeidet fører til endringar.

#### 6.5 Ambisjonsnivå for FOC kampflyvåpenet

Som omtalt i Prop. 1 S (2022–2023) arbeider Luftforsvaret mot å oppnå full operativ evne (FOC) for kampflyvåpenet i 2025. Dei mest vesentlege risikoområda i dette arbeidet er å integrera *Joint Strike Missile* (JSM) på F-35 tidleg nok og om driftsorganisasjonen vil ha tilstrekkeleg personell og høg nok treningsstandard.

Integrasjonen av JSM på F-35 flya vert gjennomført av Lockheed Martin gjennom kontrakt med det fleirnasjonale programkontoret i USA. Integrasjonen av JSM omfattar i tillegg til den konkrete integrasjonen av missilet også ei rekkje felles kapabilitetar og oppgraderingar av maskinvare som JSM og fleire andre våpen er avhengige av. I programmet er oppgraderingane av maskinvare forseinka. Dette igjen kan forseinka leveransen av nye kapabilitetar, mellom anna JSM.

Som det vart gjort greie for i Prop. 1 S (2022–2023) vert det no gjennomført ei vurdering av om storleiken på driftsorganisasjonen er rett sett opp mot produksjonskapasitet og ambisjonsnivået for full operativ evne. Denne vurderinga vil omfatta

mogleg industriell støtte til delar av driftsoppgåvene gjennom bruk av det globale understøttelsessystemet og nasjonal industri.

Forsvaret har framleis som mål å oppnå full operativ evne i 2025. Dersom det vert naudsynt å utsetja tidspunktet for FOC eller justera det operative ambisjonsnivået for kampflyvåpenet, vil regjeringa komma attende til Stortinget med dette på eigna vis.

## 6.6 Infrastruktur og støtte for kampflyvåpenet

Stortinget handsama 3. februar 2020 dei graderte dokumenta Innst. 139 S (2019–2020) til Dokument 3:11 (2018–2019) «Riksrevisjonens undersøkelse av infrastruktur og støttefunksjoner for kampflyvåpenets operative evne». Forsvarsdepartementet har kontinuerleg informert Stortinget om status og framdrift på kampflyanskaffinga og tilhøyrande prosjekt, seinast i Prop. 1 S (2022–2023). I det følgjande gjev Forsvarsdepartementet ei samla framstilling av ulike saker som gjeld logistikk og støtte for kampflyvåpenet. Det vert også vist til omtala om F-35 i punkt 6.4 og 6.5 ovanfor.

### *Materiell- og forsyningsberedskap*

I overgangsperioden frå F-16 til F-35 oppnådde Forsvaret initial operativ evne med F-35 i desember 2019, og frå januar 2022 nyttar Forsvaret F-35 til å ivareta beredskapen for NATO. Samstundes vart F-16 tatt ut av operativ teneste, og overgangsperioden er dermed avslutta. Dei operative milepælane vart nådd i samsvar med plan, og den operative tilgangen var i heile perioden høgare enn det definerte minimumsnivået.

Den globale løysinga for logistikkstøtte *Global Sustainment Solution* (GSS) er no etablert. Sjølv om den enno ikkje har full operativ evne, gjev den no tilgang til både reservedelar og depotkapasitet. I arbeidet med å auka den operative tilgangen på F-35 må leveransane av reservedelar gjennom GSS vurderast i samanheng med storleiken på den nasjonale driftsorganisasjonen.

Seint hausten 2022 opna Noreg sitt depot for motorvedlikehald på Rygge. Depotet skal ivareta F135-motoren globalt. *Kongsberg Aviation Maintenance Services* (KAMS) eig og driv depotet. Det forsterkar GSS globalt, og sikrar samstundes viktig teknisk kompetanse og kapasitet for vedlikehald av fly i Noreg.

Regjeringa har prioritert styrking av forsyningsberedskapen i Forsvaret samla med om lag

1,3 mrd. kroner i 2022 og 2023. Styrkinga har i hovudsak vore knytt til anskaffing av ammunisjon og reservedelar, samt til oppfylling av prioriterte drivstofflager. Forsvarsdepartementet har gitt forsvaretsjefen ansvar for å prioritera innanfor dei ulike forsyningsklassane, og fordela tildelte midlar for å oppnå mest mogleg operativ effekt av tiltaket.

### *Eigedom, bygg og anlegg (infrastruktur) inkludert fysisk sikring og vern av basar*

Kampflyvåpenet opererer no frå både Ørland flystasjon som hovudbase og frå Evenes flystasjon som framskoten operasjonsbase. Det har i perioden vore utfordringar knytt til korleis effektiv styrkeproduksjon skal gjennomførast på Ørlandet når talet på fly i drift er større enn talet på oppstillingsplassar til fly. Dette er løyst gjennom å etablere elleve midlertidige oppstillingsplassar i tillegg til dei 24 permanente oppstillingsplassane som er etablert tidlegare.

Tiltak for vern og sikring av Evenes flybase vart sluttført i 2022. Ved Ørland flystasjon er det satt i gang fleire tiltak for styrking av ytre perimeter. Fire av fem fasar av prosjektet er ferdige, og prosjektet for ytre perimeter skal være ferdig i 2025, jf. tidlegare omtale av Prosjekt Ørland – ytre perimeter. Hensikta er å oppnå tilstrekkeleg vern og sikring av dei skjermingsverdige verdiane på flystasjonen.

Prosjekt 7642 har til hensikt er å anskaffa ein anti-dronekapasitet (*Counter-UAS*) til Forsvaret. Målsetninga er eit fullintegrert system der sensorar og effektorar er integrert i Forsvarets kommando- og kontrollsystem. Prosjektet vart etablert i 2019, og er under oppfølging av Forsvaret. Aukande truslar frå ubemanna fly (UAV) og ubemanna system (UAS) inneber eit behov for mottiltak for å gi auka vern av Forsvaret sine avdelingar, basar, installasjonar, fartøy og objekt, samt auka operasjonsfridom. Det er også viktig for å hindra ein motstandar si innhenting av informasjon.

Forsvarsmateriell signerte 16. desember 2022 ein kontrakt for oppgradering av elektrooptiske sensorar i luftvernsystemet NASAMS. Verdien på kontrakten er på rundt 190 mill. kroner. Arbeidet for å auka den nasjonale evna til vern mot langtrekkande presisjonsvåpen er i gang og modernisering av dagens NASAMS er eitt av fleire tiltak for å styrkja luftvernet i Noreg. Oppgraderte sensorar til NASAMS-systemet vil leverast fortløpande til Hæren og Luftforsvaret frå første halvår i 2025.



### *Personell og kompetanse*

Noreg har ein liten driftsorganisasjon pr. fly samanlikna med andre partnarnasjonar og det er ein risiko for at det ikkje vil vera tilstrekkeleg personell for å oppnå full operativ evne i 2025. I statsbudsjettet for 2023 legg regjeringa til rette for ei samla opptrapping på 200 årsverk i Forsvaret. Det er forsvarssjefen som prioriterer kor desse årsverka vil gi best effekt.

Det er likevel også andre tilhøve som må vurderast når ein skal syta for tilstrekkeleg personell og kompetanse til kampflyvåpenet. Forsvaret har rapportert at tilgangen på teknikarar er utfordrande. Som eit tiltak for å betra tilgangen på teknikarar på lengre sikt er det vedtatt å etablere ei ny landslinje for flyfag i Trøndelagsregionen, som er planlagt starta opp frå skuleåret 2023/24. Det er venta at dette vil bidra til å auka rekrutteringa av teknisk kompetanse til Luftforsvaret. Det tar likevel lang tid å utdanna ein F-35-teknikar. Som eit tiltak for å halda på kritisk kompetanse i Forsvaret har regjeringa foreslått at personell på kontrakt om tilsetjing til fylte 35 år kan behalda opp- tent bonus, samstundes som dei søker seg til og vert gitt tilsetjing til fylte 60 år. Tiltaket er avgrensa til å gjelda ut 2023.

### *Kommando, kontroll og varsling*

Prosjekt 2079 Levetidsforlenging luftvarslingsradarar (saman med andre tiltak) har hatt positiv effekt på tilgangen på luftvarslingsradarane. Prosjektet vart oppretta som eit mindre prosjekt i 2011 for å sikra at militær overvaking av luftrommet og bidrag til produksjon av luftbilete frå utvalde radarar kunne oppretthaldast inntil prosjekt 2078 Sensorar for militær luftromsovervaking leverer permanente løysingar. Prosjektet har gjennomført ulike tiltak knytt til å forlenga levetida til radarane FPS-110, Marconi S-600, ASR-8 og SINDRE I. Ytterlegare tiltak som vart godkjende for gjennomføring i 2021 er oppgradering av radaren ASR-8 på Rygge flystasjon og ombygging av tre kystradarar til luftvarslingsradarar i løpet av 2023.

Prosjekt 2078 Sensorar for militær overvaking av luftrom har signert kontrakt. Stortinget vedtok prosjektet ved handsaming av Innst. 346 S (2018–2019) til Prop. 60 S (2018–2019). Kontrakt vart inngått 17. november 2022 med Lockheed Martin om leveranse av åtte sensorar (AN/TPY-4) med opsjon på ytterlegare tre sensorar for militær overvaking av norsk og nærliggjande luftrom. Prosjektet anskaffar også naudsynt eigedom, bygg og

anlegg med tilhøyrande infrastruktur (inkludert veg, kraft og IKT) til lokasjonane der sensorane skal plasserast. I tillegg inngår tre regionale vedlikehaldssenter (Rygge, Ørlandet og Sørreisa) som skal overvaka den tekniske tilstanden til sensorkjeda. Leveransar er planlagt i perioden mellom 2025 og 2029. Den første radaren skal vera på plass på Gyrihaugen på Ringerike (Krok-skogen) innan utgangen av 2025, og grunnarbeida er godt i gang i regi av Forsvarsbygg.

### *Luftkommando og -kontroll*

*NATO Air Command and Control System (ACCS)* er eit fellesfinansiert innkjøp av eit luftkommando- og kontrollsystem i NATO som har vore under utvikling i svært lang tid. ACCS har ikkje levert som forventa, og har hatt høg kostnad, nytta lang tid og vist låg yting. Det er også kjend at Noreg lenge har etterlyst eit meir fleksibelt og mindre ressurskravande system. Noreg planleggjar difor ikkje å ta i bruk ACCS nasjonalt. Noreg sin ståstad om vidare bruk av NATO fellesfinansiering for ACCS i NATO kommandostruktur vil verta offentliggjort når dette er klart. Samvirke regionalt på dette feltet med til dømes nordiske og baltiske nasjonar vil måtte adresserast i Program Mime, eit heilskapleg tiltak for å modernisera taktisk informasjonsinfrastruktur, dersom desse landa ynskjer å gå same veg som Noreg. Det kan gjerast ved å halda dei informert og invitera dei med for å oppnå stordriftsfordelar, utan at ei felles anskaffing er ei føring. I samband med leveransane til Program Mime vert også dei andre NATO luftkommando- og kontrollprodukta som er felles- og kundefinansiert vurdert. Dette for å ivareta den framtidige integreringa mot NATO kommandostruktur.

Nasjonal luftkommando og -kontroll vert modernisert gjennom Program Mime. Program Mime nyttar ein smidig gjennomføringsmodell kor brukaren sine behov står i sentrum for moderniseringa slik at leveransane treff betre og reduserer risiko. I leveransebølgje 1 som var avslutta i 2022, vart Luftforsvarets kommando-, kontroll- og informasjonssystem (Luft K2IS) tilført materiell for å ta i bruk felles plattform for fellesoperativ kommando og kontroll. Dette utrustar prioriterte kommando- og kontrollnoder med naudsynt materiell. Det vil òg avgrensa variantar av plattformer og skaffa lågraderte radioar på prioriterte lokasjonar. I leveransebølgje 2 (2023–2024) vert mellom anna forbetring av evna til å gjennomføra luft- og maritime operasjonar prioritert. Det er forventa modernisering av Taktisk Datalink og dessutan vidareutvikling og operasjonalisering av evna til å utnytta

taktisk datalink i ei fellesoperativ ramme. Ei eiga konseptvalsutgreiing (KVU) for Luft K2IS er snart ferdig og vil vera retningsgivande for den vidare moderniseringa av luftkommando og -kontroll fram mot 2030.

## 6.7 NATO si vurdering av Noreg

NATOs forsvarsplanleggingsprosess *NATO Defence Planning Process* (NDPP) er forankra i artikkel 3 i NATO-traktaten. Den er ein av dei større og meir omfattande prosessane i alliansen og vert gjennomført i fem steg. Hensikta med NDPP er å harmonisera dei nasjonale langtidsplanane med NATO sine behov. Slik skal alliansen samla ha tilgjengelege kapabilitetar på kort, mellomlang og lang sikt for å møte dei truslane alliansen står overfor.

Som ledd i NDPP gjennomfører NATO regelmessige vurderingar av den enkelte allierte sine forsvarsplanar og forsvarsinnsats. Hovudsakleg er det ei skildring av utviklinga innanfor ulike deler av forsvarssektoren og totalforsvaret. I tillegg inneheld vurderingane tilrådingar til den enkelte nasjonen om prioriteringar i det kontinuerlege arbeidet med å vidareutvikla forsvarsevna. I samband med evalueringane gjennomfører NATO to møter med nasjonane; eitt i dei respektive hovudstadane og eitt i Brussel. Møta og ein omfattande dialog vart gjennomført for Noreg, men på grunn av koronapandemien vart prosessen forseinka. Regjeringa har dei siste åra vald å offentleggjera delar av sluttrapporten i budsjettproposisjonen det året rapporten vert utgitt. Det var heller ikkje i 2022 mogleg, då NATO sin sluttrapport først var klar i oktober 2022, etter publiseringa av Prop. 1 S (2021–2022).

NATO si vurdering av Noreg tar utgangspunkt i Prop. 14 S (2020–2021) *Evne til forsvar – vilje til beredskap*. Videre gir den tilrådingar om vidare utvikling og satsingsområde. Vurderinga er omsett frå engelsk.

### «NATO DEFENCE PLANNING CAPABILITY REVIEW 2021/2022 NORWAY – OVERVIEW

1. Langtidsplanen for forsvarssektoren (LTP), som strekker seg over perioden 2021 til 2024, ble vedtatt av Stortinget i desember 2020, og opprettholder i stor grad Norges tidlige sikkerhets- og forsvarspolitiske mål, og reflekterer en forpliktelse til å styrke og modernisere Forsvaret, og utvikle en mer felles, interoperabel, bære-

kraftig og beredskapsklar styrke. Hovedtemaene er: styrking av norsk nasjonalt forsvar, styrking av NATOs evne til avskrekking og kollektivt forsvar, bidra til internasjonal krisehåndtering, og videreutvikle Norges totalforsvarskonsept. Norges førsteprioritet er forsvar av norsk territorium med særlig fokus på den nordlige delen av landet, etterfulgt av beskyttelse av bredere nasjonale og allierte interesser i tilstøtende farvann i nordområdene og Nord-Atlanteren. NATO og transatlantisk sikkerhet er fortsatt hjørnesteinen i norsk sikkerhets- og forsvarspolitik. LTP identifiserer økte investeringer i etterretning, overvåking, overlevelsessevne og kampkraft for å styrke Norges forsvarsstilling og NATOs evne til å forebygge og avskrekke en aggressor.

2. LTP identifiserer også nøkkelprioriteter som oppgradering av strategiske kjernekapasiteter og økt beredskap gjennom forbedret logistikk, forbedret personellnivå og forbedret opplæring og tilstedeværelse. LTP 2021–2024 gjenspeiler Norges prioriterte kapabilitetsmål som de allierte forsvarsministrene ble enige om. Norge planlegger å øke forsvarsutgiftene ytterligere til et nivå på 17,3 milliarder norske kroner (1,96 milliarder US dollar) over 2020-budsjettet innen 2028. Etter dagens planer vil Norge imidlertid ikke nå 2%-målet innen 2024. 21. mars 2022 kunngjorde Norge, i påvente av Stortingets godkjenning, at de vil bevilge ytterligere 3 milliarder kroner (344 millioner US dollar) i 2022 for å forbedre beredskapen og treningen til Forsvaret. Regjeringens forslag ble vedtatt av Stortinget 3.mai 2022.
3. Når det gjelder kapabilitetsutvikling, vil Hæren styrke arbeidet med å utvikle, som sin kjernekapabilitet, en fullt ut kapabel tung infanteribrigade (Brigade Nord) som i dag er basert på tre tunge infanteribataljoner. Den videre oppbyggingen av den tredje pågår, og den fjerde tunge infanteribataljonen er planlagt etablert fra 2026. Dette er spesielt velkomne skritt. De viktigste prioriteringene for kapabilitetsutvikling i Hæren er blant annet følgende: innføring av moderne hovedstridsvogner fra 2025; anskaffelse av et nytt organisk bakkebasert luftvernssystem innen 2024 og en langt-rekkende presisjonsildkapabilitet innen 2030; utvikling av taktisk støtte og forsyningsstøtte på brigadenivå (CS og CSS)<sup>1</sup>;

- og innføring av oppdaterte stormpanservogner (IFV)<sup>2</sup>. Sjøforsvaret fortsetter å modernisere og styrke sine kapasiteter, inkludert midtlivsoppgraderinger for fre-gattene; innføring av nye bakke-til-luft-missiler; anskaffelse og introduksjon av nye maritime helikoptre og konvensjonelle ubåter (SSKs); og utvikling av neste generasjons *naval strike missile*. Restruktureringen av Luftforsvaret fortsetter. Siden forrige gjennomgang har kampskvadronene erstattet sine F-16 med F-35-fly. P-3 maritime patruljefly (MPA) flåten er planlagt å bli avviklet i 2023 og fem P-8A MPA begynte å erstatte denne flåten i 2021. AW 101-helikoptre erstatter gradvis dagens Sea King søk- og redningshelikoptre frem til midten av 2023. Det er også planer om å oppgradere *Norwegian Advanced Surface-to-Air Missile System* (NASAMS)-systemet med nye sensorer, nye mellomdistansemis-siler og en komplementær kortdistanseka-pasitet innen utgangen av 2029.
4. Ved utgangen av 2021 var størrelsen på de væpnede styrkene (ikke inkludert Heimevernet (HV)) 22 207 heltidspersonell (en økning på 3 047 personell siden 2019), inkludert rundt 9 000 vernepliktige, støttet av rundt 4 527 sivile, og rundt 27 000 trente reserver. Det er 40 000 i HV. Mens Forsvarets struktur justeres for å øke antall tilgjengelige personell for operative avdelinger for å bedre beredskapen og tilgjengeligheten, gjenstår det å se om disse økningene er tilstrekkelige til å møte NATO-standarder, særlig i lys av Norges velkomne beslutning om fra 2026 å utvikle fire manøverbataljoner innenfor den etterspurte tunge infanteribrigaden. Universell verneplikt (menn og kvinner) ble fullt implementert i 2016, og ca. 9 000 personell blir trent til militær-tjeneste årlig, avhengig av forsvarets behov. Tjenestetiden for vernepliktige med stillinger som krever avansert kompetanse i Hæren ble økt fra tolv måneder til 16 måneder, noe som sikret økt operativ tilgjengelighet. De militære reservene er en viktig del av Forsvarets totale styrkestruktur. Reservestyrken består av vernepliktig og frivillig personell, inkludert tidligere ansatt personell, som alle har fullført sin nasjonale tjeneste.
  5. Andelen av BNP som går til forsvar økte fra 1,50 pst. i 2013 til anslagsvis 2,00 pst. i 2020, og Norge oppfylte NATOs retningslinje på 2 pst. for første gang siden 2002. Det forventes imidlertid å synke til 1,75 pst. i 2021, 1,55 pst. i 2022 og 1,45 pst. i 2023. I 2024 forventes det å være 1,54 pst., som er under NATOs retningslinje på 2 pst. I 2020 utgjorde utgiftene til hovedmateriell og tilhørende forskning og utvikling 28,41 pst. av de totale forsvarsutgiftene og anslås å være 29,19 pst. i 2021, 31,62 pst. i 2022 og 31,92 pst. i 2023. I 2024 forventes det å være 31,53 pst., som er over NATOs retningslinje på 20 pst.
  6. Norge gir bidrag til operasjoner, oppdrag og engasjementer i utlandet, som tilsvarende står i forhold til Forsvarets størrelse og sammenlignet med andre allierte. Norge ga kjærkomne bidrag gjennom *NATO Response Force* (NRF), *Standing Naval Forces* (SNF) og tysklede *enhanced Forward Presence Battle Group* (eFP BG) i Litauen.
  7. De allierte forsvarsministrene ble enige om at Norge skulle prioritere å utvikle en fullt ut kapabel tung infanteribrigade med tilhørende støtte (CS og CSS) innen 2024. Det har vært en signifikant utvikling de siste to årene, og det er nå finansierte planer om å øke Hærens avanserte kapabiliteter som har potensial til å levere mye av den forespurte fullt ut kapable tunge infanteribrigaden. Til tross for denne oppmuntrende utviklingen forventes brigaden fortsatt ikke å oppnå full operativ evne (FOC) før i 2032, åtte år etter at den først ble etterspurt. Videre vil eksisterende mangler innenfor antall stormpanservogner (IFV), kjøretøysmontert panserbekjempelseskapasitet, etterretning, overvåking, målutvelgelse og rekognosering, militære ingeniørstyrker, kjemiske-, biologiske-, radiologisk- og nukleært materiale (CBRN) kollektiv beskyttelse, og *Battle Decisive Munitions* (BDM) svekke Hærens kampkraft, spesielt den forespurte tunge infanteribrigaden. Når det er sagt, er Norges fremgang på landområdet velkommen, og det samme er beslutningen om å innføre en fire-manøverbataljonsstruktur fra 2026.
  8. De to hovedelementene i landstyrkene er Hæren og HV. Kjernen i den norske Hæren er fortsatt Brigade Nord, basert på tre tunge infanteribataljoner og organisk støtte, CS- og CSS-elementer. Den rester-

<sup>1</sup> Combat Service (CS) og Combat Service Support (CSS)

<sup>2</sup> Infantry Fighting Vehicle (IFV)

- ende strukturen og avdelingene er Hærens våpenskole, Trenregimentet, Hans Majestet Kongens Garde, Finnmark landforsvar, Landoperasjonssenteret, Forsvarets militærpolitiavdeling, en grensevaktbataljon og en etterretningsbataljon. Hovedoppgaven til det 40 000 personell sterke HV er territorielt forsvar, inkludert beskyttelse av motak, klargjøring og videre transport (RSOM) av allierte forsterkninger. Et sekundært oppdrag er å støtte andre offentlige etater i håndteringen av kriser, ulykker, kriminalitet eller naturkatastrofer. Rundt 3 000 HV-personell holdes på høy beredskap i tolv dedikerte hurtigreaksjonsenheter. De resterende 37 000 er organisert i kompaniekvivalente enheter, under kommando av elleve HV distriktshovedkvarter (HQs) i hele Norge. Strukturen er overveiende basert på reserver, og bare kommandonivået er fylt med heltidsansatte.
9. Norge fortsetter å imøtegå mange av de kapabilitetsmanglene som ble identifisert i den forrige evalueringsgjennomgangen (*Capability Review*), og moderniserer sine kampplattformer som øker hæravdelingenes evne til manøver-, ild- og beskyttelse. Norge planlegger å levere alle landrelaterte kapabiliteter som NATOs kapabilitetsmål ber om i kvantitative termer kort tid etter 2026, om enn med noen viktige kvalitative mangler. Disse manglene, som allerede er beskrevet, svekker Hærens kampkraft, særlig den NATO etterspurte tunge infanteribrigaden. Videre indikerer den nåværende planen å starte etableringen av firemanøver bataljonsstruktur først fra 2026, og de gjenværende kapabilitetsbegrensningene indikerer at en fullt ut kapabel tung infanteribrigade ikke kan leveres før tidligst i 2032, forutsatt at et program for å sikre tilstrekkelig tunge stormpanervogner påbegynnes og implementeres.
  10. Det er ingen store endringer i organiseringen av Sjøforsvaret siden forrige vurdering. Sjøforsvaret består av en stab, et maritimt taktisk sjøoperasjonssenter og fem kommandoer: Marinen, Kystvakten, Sjøforsvarets baser, Saniteten i Sjøforsvaret og rekruttskolen. Sjøforsvaret er engasjert i en betydelig innsats for å øke sin ekspedisjonsnære- og avanserte krigføringskapabilitet. Kapabilitetsutviklingsprioritetene til Sjøforsvaret, i rekkefølge, er: nye kystvaktfarer (ikke etterspurt av NATO); fire nye ubåter som skal erstatte Ula-klassen fra og med 2029; nye (overflate-til-luft) utviklede *Sea Sparrow Block 2*-missiler; utviklingen av neste generasjons *naval strike missile* (sammen med Tyskland) innen 2035; og midtlivsoppdateringen av Nansen-klasse fregattene i perioden 2024–2031. De maritime luftprioriteringene inkluderer anskaffelse og innføring av P-8A MPA og erstatning for NH90. Introduksjonen av nytt logistikkfartøy ga Marinen en betydelig forbedring i strukturens utholdenhet og depløyerbarhet.
  11. Marinen er i stand til å levere mange av de kortsiktige maritime kvantitative styrkeelementene som er etterspurt i NATOs kapabilitetsmål, med unntak av maritime helikoptre som er i stand til antiubåtkrigføring (ASW), inntil en passende erstatning for NH90 er anskaffet. I tillegg vil det være beredskapsmangler på fregattene, mine-rydderfartøyene og maritime patruljefly, da mange av disse enhetene ikke vil være tilgjengelige under planlagt vedlikehold. Det er også flere kvalitative mangler på kort sikt i ASW og overflatekrigføring. Samtidig som tilgjengeligheten av flåten er marginalt forbedret siden forrige vurdering, vurderes det at Sjøforsvaret ikke har nok fartøyer og maritime fly til å ivareta sine oppgaver. Dette er en betydelig bekymring. På samme måte er antall seilingsdøgn og flytimer fortsatt under Allied Command Operations Forces Standards for enheter med høy beredskap. Marinen oppfordres til å fortsette sine forbedringer i trening og beredskap for å sikre at mannskapene er i stand til avansert krigføring, og til å harmonisere sine utviklingsplaner med NATOs.
  12. Omstillingen av Luftforsvaret fortsetter. Siden forrige evaluering, *Capability Review*, har kampflyskvadronene erstattet sine F-16 med F-35 fly. Flybasen i Bodø er lagt ned og alle F-35 kampfly er samlet på hovedflybasen på Ørland, med fremskutt operasjonsbase på Evenes for Quick Reaction Alert (QRA)-flyene i nord. P-8A MPA-skvadronen er samlokalisert med QRA på Evenes. F-16-flåten ble avvirket innen utgangen av 2021. Den planlagte flåten på 52 F-35 kampfly fortsetter å bygge seg opp, med 37 fly levert så langt. Ti av disse er for tiden stasjonert i USA for treningsformål. Seks fly skal etter planen leveres til Norge årlig

frem til 2024. F-35-flåten forventes å være i fullt operative innen utgangen av 2025.

13. Norge vil nå alle luftfartsrelaterte NATO-kapabilitetsmål, men med noen kvalitative mangler og forsinkelser. Mens innføringen av F-35 og P-8A MPA vil forbedre Norges etterretnings-, overvåkings- og rekognoseringskapasitet (ISR) betydelig, er bare et lite antall ISR-kompatible fly tilgjengelig i det norske Luftforsvaret. Lagre av BDM er for tiden under kravene, men med finansierte planer om å oppfylle kravene innen 2026. Implementeringen av mode 5 IFF<sup>3</sup> har blitt ytterligere forsinket og er nå planlagt å være fullført på alle deployerbare plattformer, unntatt Bell 412, innen 2024. Kryptooppgraderingen av Link 16-terminalene er forsinket, slik at en del av de norske luftkapabilitetene står uten integrert situasjonsforståelse. Det er imidlertid også tydelig fremgang ettersom den planlagte innføringen av *Joint Strike Missile* innen 2025 også vil øke Norges kampkraft. Planer om å levere en *Suppression of Enemy Air Defence* (SEAD) kapabilitet er også på plass, som en del av F-35-prosjektet. Norge har også planer om å styrke sine rombaserte kapabiliteter, særlig innenfor maritim overvåking og SATCOM.
14. De norske spesialstyrkene (SOF) består av Forsvarets spesialstyrker (kommandostab), som leder de to taktiske enhetene, den ene landorientert, den andre maritimt orientert, hver med tilpassede støtteelementer (CS og CSS). Luftforsvaret har etablert en spesialoperasjons flyskvadron med 15 Bell-412 SP-helikoptre. Selv om Norge har som mål å bidra med de fleste kapabiliteter som etterspørres av SOF-relaterte NATO-kapabilitetsmål i kvantitative og kvalitative termer, er det viktige mangler på enkelte kapabilitetsområder. Spesielt er den nasjonale SOF-kommando- og kontrollkapabiliteten (C2), som tilbys som en erstatning for den NATO etterspurte *Special Operations Component Command* (SOCC) for avgrensede mindre fellesoperasjoner (SJO-)<sup>4</sup>, ikke deployerbar, og det vil kreve restrukturering og investering i deployerbar infrastruktur og organisk, tilretteleggende støtte for å møte det beslektede kapabilitetsmålet. Begrensninger i

kvalifiseringstrening for flybesetninger sammen med de alvorlige kvalitative manglene til Bell 412-helikoptrene gjør dem i effekt ikke SOF-kompatible. Luftforsvaret oppfylder kapabilitetsmålet til *Special Operations Air Task Unit fixed wing* med minimal kapasitet, da de gjør tilgjengelig en konvensjonell C-130J.

15. Norges felleskapabiliteter er fortsatt fokusert på støtte til egne kampstyrker, noe som i noen tilfeller kan skape en konflikt mellom egne støttebehov på taktisk nivå, og støtte til allierte behov på teaternivå. Norge forventes å bidra med alle de etterspurte felles og tilretteleggende NATO-kapabilitetsmålene kvantitativt, om enn i flere tilfeller med begrensninger. Norges betydelige styrker innenfor strategisk transport, cyberspace-operasjoner, kommunikasjons- og informasjonssystemer og felles etterretning, overvåking og rekognosering står i kontrast til betydelige og bevisste mangler innenfor CBRN-forsvar og deployerbare fellesoperative hovedkvarter. I tillegg utfordrer utløpet av en sentral støttekontrakt Norges evne til å gi RSOM og vertslandsstøtte til allierte styrker på kort sikt.
16. Norge fortsetter å bidra til NATOs kapabiliteter til støtte for stabilisering og gjenoppbygging (S&R) og kapasitetsbygging med både militære og ikke-militære midler, og implementerer de fleste av de tilknyttede NATO kapabilitetsmål.-
17. Norge har iverksatt konkrete tiltak for å øke motstandskraften og oppfylle *the seven baseline requirements* (de syv basiskravene), og fortsetter arbeidet. Styrkingen av tiltakene for å screene utenlandske direkteinvesteringer og økningen i bevilgningene til sivil beredskap og robusthet er en positiv utvikling. Norges videre arbeid med et nasjonalt varslingsssystem, og en plan for å håndtere ukontrollert forflytning av mennesker i en skala på 2 pst. av befolkningen, forventes å styrke Norges motstandskraft ytterligere.
18. I sum er Norges planer for kapabilitetsutvikling godt utdypet i den nye LTP for forsvarssektoren, som dekker perioden 2021 til 2024. Siden den forrige *Capability Review* har det blitt gjort betydelig fremgang i implementeringen av mange NATO-kapabilitetsmål. Norge forventes nå å nå de fleste av NATOs kapabilitetsmål kvantitativt på kort sikt. Det er imidlertid også

<sup>3</sup> Identification Friend or Foe (IFF)

<sup>4</sup> Smaller Joint Operations (minus) (SJO-)

åpenbart at noen viktige kvantitative og kvalitative mangler vedvarer, og har potensial til å undergrave kampkraft til Hæren, Marinen og Luftforsvaret. Dette er spesielt problematisk ettersom Norge er en potensiell frontlinjestat. Disse manglene kan potensielt kreve at andre allierte plukker opp noe av Norges del av Alliansens byrde.

19. De allierte forsvarsministrene ble enige om at Norge skulle prioritere å utvikle en fullt ut kapabel tung infanteribrigade med tilhørende CS og CSS innen 2024. Det har vært en signifikant utvikling og endring de siste to årene, og det er nå finansierte planer om å øke Hærens avanserte kapabiliteter som har potensial til å levere mye av den forespurte fullt ut kapable tunge infanteribrigaden. Til tross for denne oppmuntrende utviklingen forventes brigaden fortsatt ikke å oppnå FOC før i 2032, åtte år senere enn ønsket. Når det er sagt, er Norges fremgang på landområdet velkommen, og det samme er beslutningen om å innføre en firemanøvrert bataljonsstruktur fra 2026. I lys av denne merkbare fremgangen basert på finansierte planer, vurderes det at Norges og NATOs forsvarsplanleggingsprioriteter generelt er på linje.
20. Norges politiske forpliktelse til *Defence Investment Pledge* (DIP – byrdefordeling) er velkommen. Det samme er forpliktelsen i den nye LTP og nylige beslutninger om å øke forsvarsutgiftene. Etter dagens planer vil imidlertid Norge ikke nå 2 pst. målet innen 2024, og nedgangen i forsvarsutgiftene i 2021 frem til 2023 reelt sett er bekymringsfull.
21. I sum må Norge forplikte seg til enda høyere prioritet, innsats og ressurser enn antydning så langt for å sikre at alle NATOs kapabilitetsmål implementeres i sin helhet og i tide, med særlig fokus på å ta opp den kapabilitetsprioriteten som de allierte forsvarsministrene er enige om.»

## 6.8 Investeringsprogrammet for utbygging av Evenes flystasjon

Stortinget vedtok ved handsaminga av Innst. 388 S (2011–2012) til Prop. 73 S (2011–2012) og Innst. 62 S (2016–2017) til Prop. 151 S (2015–2016) å etablere Evenes flystasjon som ein fullverdig militær flystasjon for operasjonar med kampflya F-35 og som base for dei maritime patruljefly P-8. Evenes

flystasjon vart 6. januar 2022 tatt i bruk som base for NATO sin kampflyberedskap med F-35.

Programmet er sett saman av 27 prosjekt som er godkjent for gjennomføring med ein samla forventa sluttkostnad på 6,4 mrd. kroner (prinsnivå 2023). Per mars 2023 er 11 prosjekt stilt ferdige og det er investert for om lag 4,6 mrd. kroner (prinsnivå 2023). I tillegg er det inngått kontraktar for om lag 1,1 mrd. kroner.

Stortinget vart i Prop. 1 S (2022–2023) informert om at kostnadsutviklinga for fleire enkeltprosjekt utfordrar Forsvarsdepartementet si totale ramme for gjennomføring av utbygginga av Evenes flystasjon i tråd med opphavelig konseptval. Det vart difor gjennomført ein ekstern supplerande analyse for å oppdatere kostnadsoverslag og identifisere resterande uvisse. Analysen viste at utbyggingsprogrammet har hatt ein monaleg kostnadsauke frå 2020 til 2021. Dette er både grunna prisauke på material og på grunn av entreprenørane si prissetting i utlyste konkurransar. I tillegg har gløynde forhold i utbygginga, endra løysing og auka ambisjon i Prop. 14 S (2020–2021) ført til kostnadsauke i sju prosjekt. Vidare synte analyserapporten kostnaden for den opphavlege KVU-porteføljen, og kva som må til for å nå den auka ambisjonen i Prop. 14 S (2020–2021), samt dekkja moglege tilleggsbehov. Forventa kostnad (P50) vart estimert til 6,4 mrd. for opphavelig KVU og 8,4 mrd. 2023-kroner for å nå ambisjonane i Prop. 14 S (2020–2021) og oppfylla andre moglege behov. Tilsvarande anslag for kostnadsramme (dvs. ein kostnad det er 85 prosent truleg at utbygginga kan gjennomførast innanfor) er høvesvis 6,6 mrd. og 8,8 mrd. 2023-kroner.

Det største enkeltprosjektet i investeringsprogrammet for Evenes flystasjon er prosjektet for fasilitetar for maritime patruljefly med ei kostnadsramme på 2,6 mrd. kroner (prinsnivå 2023). For å ferdigstilla prosjektet foreslår regjeringa å auka kostnadsramma med om lag 0,5 mrd. kroner, jamfør omtale under kap. 5 «Omfangsendring for pågåande eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning». Alle enkeltprosjekt i Evenes-programmet vil frå 2023 verta prisjustert i tråd med reel prisvekst. Forsvarsdepartementet vil koma attende til Stortinget i Prop. 1 S (2023–2024) med informasjon om korleis auken av kostnadsramma for fasilitetar for maritime patruljefly, og utviklinga i den totale prosjektporteføljen, vil påverka totalkostnaden som er lagt til grunn for Evenes-programmet.

I februar 2023 har Forsvarsdepartementet mottatt ein ekstern risiko- og sårbarheitsanalyse om støy frå kampflyaktivitet ved Evenes flystasjon.

Oppdraget vart utført av Multiconsult Norge AS. Hensikta med analysen var å kartleggja hendingar med risiko for varig skade på høyrsele og identifisera tiltak for å unngå at slike hendingar skal kunna oppstå. Multiconsult vurderer at rutinane med varsling av kampflyavgangar ser ut til å fungera godt, og at det ikkje er fare for varig skade på høyrsele så lenge desse rutinane vert følgde. Det er til no ikkje registrert hendingar som har gitt varig skade på høyrsele til tilsette, publikum eller besøk på flyplassen. Analysen har identifisert totalt 23 hendingar, der fire av desse er vurdert til å kunna gi høg risiko for varig skade på høyrsele. Rapporten foreslår konkrete tiltak som vil redusera risikoen for dei hendingane som er vurderte. Forsvarsbygg vil saman med Avinor og flysel-skapa vurdere tiltaka i rapporten knytt til korleis ein kan redusera risiko for at farlege situasjonar kan oppstå.

## 6.9 Regjeringa sitt val av leverandør av stridsvogn

---

Regjeringa kunngjorde 3. februar 2023 at ho hadde vedtatt å kjøpa 54 stridsvogner av typen Leopard 2 frå den tyske produsenten Krauss-Maffei Wegmann. Det er lagt inn ein opsjon for kjøp av ytterlegare 18 vogner. Stridsvognene er venta levert frå 2026.

Anskaffinga er gjennomført med konkurranse mellom to leverandørar. Forsvaret har vurdert dei to kandidatane, og testar syner at båe to er særsgode, moderne stridsvogner som fyller alle dei krava som er sett til ein ny og moderne stridsvognskapitet. Andre viktige faktorar ved dette stridsvognvalet er og vurdert, så som industrielle forhold, bilaterale samarbeidsforhold, logistiske og etterforsyningsmessige forhold. Basert på ei heilskapleg vurdering av alle desse tilhøva kom regjeringa fram til at det tyske alternativet med Leopard 2 er best for Noreg.

Det vert planlagt med innfasing av vognene i 2026–2031. Anskaffinga er innanfor kostnadsramma på 19,7 mrd. kroner som er fastsett av Stortinget. Kostnadsramma dekkjer meir enn sjølve kjøpet av vognene. Den forhandla prisen er kommersielt fortruleg informasjon.

Forsvarsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om investeringar i Forsvaret og andre saker.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

st ad f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjera vedtak om investeringar i Forsvaret i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til vedtak om investeringar i Forsvaret

### I

#### Investeringsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet i 2023 kan:

1. Starte opp følgjande nye investeringsprosjekt:

Prosjekt	Kostnadsramme
P1129 Maritim helikopterkapasitet	11 983 mill. kroner
P5230 Artilleriammunisjon 155 mm	4 245 mill. kroner
P6624 Levetidsforlenging Indre kystvakt (IKV)	592 mill. kroner
Ørland – eigedom, bygg og anlegg til luftvern	446 mill. kroner

2. Endra følgjande investeringsprosjekt:

Prosjekt	Kostnadsramme
P5045 Brupanservogn	1 284 mill. kroner
P5049 Ingeniørpanservogn	2 123 mill. kroner
P5430 Bergepanservogn	1 330 mill. kroner
P5475 Elektroniske mottiltak (EMT)	1 262 mill. kroner
P2559 Landbasert transportstøtte	2 246 mill. kroner
P8051 Oppgradering av <i>Very Low Frequency</i> (VLF) Novik	1 354 mill. kroner
P8164 Modernisering av kryptoløysingar	2 282 mill. kroner
Evenes – fasilitetar for maritime patruljefly (MPA)	3 117 mill. kroner
Ørland – utbetring av hovudrullebana	960 mill. kroner
Ørland – ytre perimeter	713 mill. kroner

### II

Forsvarsdepartementet får fullmakt til å justera kostnadsrammene i takt med prisstigninga og som følge av endringar i valutakursane.

=====